



Fylkesmannen i Vestland

Vår dato:
31.07.2019Vår ref:
2019/6347,
ref. 2018/14992Dykkar dato:
25.11.2018

Dykkar ref:

Berit Nordland Totland
Andvikvegen 522
5981 MasfjordnesSaksbehandlar, innvalstelefon
Stein Byrkjeland, 5557 2114

Løyve til å føre opp tilbygg til hytte i Herøy naturreservat i Masfjorden kommune

Fylkesmannen gir løyve til å kunne føre opp eit tilbygg på 15,9 m² til ei eksisterande hytte i Herøy naturreservat. Det er stilt vilkår til løyvet. Tiltaket føreset også byggeløyve frå Masfjorden kommune.

Vi viser til skriv av 25. november 2018 der du søker om løyve til å føre opp eit tilbygg på 15,9 m² til hytta di på gnr. 14 bnr. 55 i Herøy naturreservat i Masfjorden. Vi har vore i telefonisk kontakt våren 2019 der vi ga uttrykk for at søknaden var kurant og ville bli innvilga, men vi seier oss leie for at det formelle svaret først kjem no.

Bakgrunn

Herøy naturreservat vart oppretta ved kongeleg resolusjon av 3. april 1987, ettersom det tidleg på 1980-talet var ein stor hekkekoloni med fiskemåse her. På det meste talde denne kolonien kring 300 hekkepar av arten. Den kysthekkande bestanden av fiskemåse i Hordaland er blitt redusert med 97 % i løpet av dei siste 30 åra, og arten er i dag ført opp på den norske raudlista over truga artar.

Herøy naturreservat var mellom dei første hekkeområda som fekk merke denne sterke tilbakegangen. Fiskemåsen har ikkje hekka i kolonipreg på Herøy sidan 1984. Då flytta kolonien til vestsida av naboøya Raunøy, men 10 år seinare forsvann arten også frå denne staden. Sidan har arten mest ikkje hekka i denne delen av Masfjorden. Årsaka er mest truleg vedvarande næringssviikt. Sjølv om næringstilgangen skulle betre seg i framtida, er det ikkje direkte sannsynleg at Herøy er mellom dei første hekkeplassane som vert rekolonisert. Det må i så fall omfattande skjøtselstiltak til for at området skal bli tilstrekkeleg attraktivt.

Herøy naturreservat har i utgangspunktet forbod mot ferdsle i hekketida, men dette forbodet har ikkje vore handheva av Fylkesmannen dei siste 20 åra. Hytta di har stått i området sidan den vart teken i bruk i 1980, og eigedomen den står på gnr. 14 bnr. 55, vart skilt ut frå hovudbruket 9. desember 1976. Faktisk er korkje hytta eller eigedomen nemnt i verneforskrifta av 1987, noko det heilt klart skulle vore. Dette er fullt og heilt Fylkesmannen sitt ansvar. Vi har i lengre tid vore kjent

E-postadresse:
fmvlpost@fylkesmannen.no
Sikker melding:
www.fylkesmannen.no/meldingPostadresse:
Njøsavegen 2
6863 LeikangerBesøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Statens hus, Kaigaten 9, Bergen
Fjellvegen 11, FørdeTelefon: 57 64 30 00
www.fylkesmannen.no/vl
Org.nr. 974 760 665



med hytta sin eksistens og har ikkje hatt innvendingar mot det, heller ikkje mot bruken av hytta og ferdsla som bruken genererer.

Eksisterande hytte er på 63,6 m². Tilbygget vert på nye 10,6 x 1,5 m, eit tilleggsareal på 15,9 m². Det skal tene som eit sanitærteknisk rom og eit inngangsparti med bod. Utvidinga vert gjort ved å løfte taket i bakkant. Det er lagt ved teikningar for eksisterande hytte og tilbygget.

Lovgrunnlag

Verneforskrifta gir høve til vedlikehald av eksisterande bygningar og brygger, sjølv om det etter verneforskrifta ikkje skal vere slike konstruksjonar i verneområdet. Tiltaket kan ikkje reknast som vedlikehald, men er heilt klart eit nybygg. Dette er i utgangspunktet forbode ein slik stad, jf. verneforskrifta pkt. IV.3.

Det er like fullt høve til å søke om dispensasjon frå forskrifta, men då må søknaden i dette tilfellet handsamast etter naturmangfaldlova § 48. Her er det mellom anna høve til å dispensere frå verneforskrifter når tiltaket ikkje er i strid med verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Tiltaket må også ha løyve frå kommunen etter plan- og bygningslova, under føresetnad av at det er innvilga dispensasjon frå verneforskrifta.

Vurdering

Det er uvanleg at det ligg ei hytte i eit norsk naturreservat, men denne hytta var for lengst bygd då denne delen av Herøy vart verna, og var under oppføring då dei faglege registreringane til sjøfuglverneplanen vart gjort i 1979 og 1980. Fiskemåsen har ikkje hekka i dette reservatet på lang tid, og området må seiast å ha avgrensa verdi også for andre sjøfuglartar i dag. Dette har heilt andre årsaker enn tekniske inngrep i verneområdet, heller ikkje bruken av den eksisterande hytta.

Fylkesmannen har aldri hatt merknader til at hytta vert brukt, heller ikkje i hekketida sjølv om det då formelt sett er ferdsleforbod i dette naturreservatet. Vi er ikkje i stand til å sjå at utvidinga vil endre bruken av hytta i slik grad at det kan seiast å vere eit trugsmål mot verneføremålet. Det vil definitivt ikkje påverke verneverdiane nemneverdig slik tilstanden er for sjøfuglane både i dette området og generelt på Vestlandet i dag. Sjølv om det kan vere von om at næringsssituasjonen for sjøfuglane kan betre seg i framtida, er det liten grunn til å tru at utvidinga vil representere eit trugsmål mot hekkande sjøfugl om dei skulle returnere til reservatet. Hytta er i utgangspunktet lovleg og akseptert, eit tillegg på knapt 16 m² betyr lite i denne samanhengen.

Fylkesmannen finn såleis å kunne godkjenne tilbygget etter naturmangfaldlova § 48. Vi har ingen merknader til teikningar, plassering og utforming. Vi presiserer at vi berre har handsama søknaden etter verneforskrifta for Herøy naturreservat. Tiltaket krev også uavhengig løyve etter plan- og bygningslova. Her kan kommunen eventuelt setje krav til å følgje lokal byggjeskikk, fargeval og liknande om dei meiner det er naudsynt.



Følgjande vilkår gjeld:

1. Tilbygget skal ha same farge som hovudhytta. Dersom det er aktuelt å endre farge på heile bygget, må dette vere ein farge som høver godt i dette opne kystlandskapet og som ikkje stikk seg ut.
2. Tomta skal ryddast fullt og heilt for rivingsmaterialar, overskotsmaterialar, emballasje og avfall før tiltaket kan endeleg godkjennast.
3. I den grad ein treng helikopter eller annan motorisert transport for å realisere tiltaket, gjeld dette løyvet også som godkjenning for bruk av motorisert transport etter verneforskrifta.
4. Tilkomst til hytta er kurant både i byggeperioden og ved permanent bruk, og ferdslerestriksjonane i naturreservatet gjeld ikkje for dette. Ved ferdsle elles i verneområdet skal brukarane ta stort omsyn til eventuelle hekkande sjøfugl og tilpasse sine aktivitetar slik at fuglane ikkje vert unødige uroa.
5. Tiltaket må vere ferdig innan 3 år etter at kommunen eventuelt har gitt byggeløyve etter plan- og bygningslova. Om kommunen set kortare frist for ferdigstilling, er det denne fristen som gjeld.
6. Fylkesmannen skal orienterast når tiltaket er ferdig, og kan krevje sluttsynfaring. Eventuelle pålegg frå Fylkesmannen eller Statens naturoppsyn skal etterkomast.

Vurdering etter miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova

Alle tiltak som gjeld norsk natur skal vurderast etter miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 til 12, også tiltak som er godkjent etter ei verneforskrift som har heimel i same lov.

Fylkesmannen er godt kjent med naturfaglege tilhøve og sjøfuglsituasjonen i dette naturreservatet, og vi meiner å ha eit godt fagleg grunnlag for å kunne fatte vedtaket. Krava til § 8 er såleis oppfylt, og føre-var prinsippet i § 9 vert då mindre relevant. Om sjøfuglane skulle ta til å hekke i naturreservatet att i framtida, vil ferdslerestriksjonane kunne handhevast strengare, slik reglane i utgangspunktet er i sjøfuglreservat. § 10 om samla belastning er lite relevant i denne saka, det er heller ikkje § 11. Naturmangfaldlova § 12 vert rekna som oppfylt med dei vilkåra som er satt for løyvet.

Klage

Dette er eit einskildvedtak som kan klagast på etter reglane i § 28 i forvaltingslova. Eventuell klage skal stilast til Miljødirektoratet, men sendast om Fylkesmannen i Vestland, og må vere sendt innan tre veker etter at klagar er kjend med vedtaket.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljødirektør

Stein Byrkjeland
fagdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Statens naturoppsyn

Masfjorden kommune Austfjordvegen 2724 5981 MASFJORDNES